



Sindre Hopland
Flatøyvegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4202 - 14/17179

Saksbehandlar:
Tord Moltumyr
tord.moltumyr@meland.kommune.no

Dato:
10.11.2014

Vedr. støy i samband med arbeid på E39

Viser til din epost av 05.11.14 der du tar opp problem med støy knytt til vegarbeid på E39 over Flatøy, og der du etterlyser informasjon og ansvarstilhøve.

Eg har undersøkt saka internt i kommunen, og fått stadfesta at det er Statens Vegvesen og deira entreprenørar som har ansvaret for gjennomføring av dette prosjektet. Det er og Statens Vegvesen, ikkje Meland kommune, som har ansvar for informasjon til dei som er berørt.

Eg ser av dei vedlegg du har lagt ved eposten din at avdeling for miljøretta helsevern skal ha godkjent arbeidet. Eg har undersøkt dette, og kan ikkje finne at kommunehelsetenesta har vore involvert i vurdering av prosjektgjennomføringa. Det ser ut for at informasjonen frå entreprenør er feil på dette punkt.

Kommunehelsetenesta har imidlertid vore ein pådrivar for betre trafikktryggleik på E39 over Flatøy, då dette har vore ei særskild ulykkesbelasta strekning.

Kommunehelsetenesta kan generelt gå inn i saker som påverkar folk si helse, og evt gje pålegg etter folkehelselova. Det skal likevel svært mykje til for å vedta stansing av dette arbeidet. Det er sterke helsefaglege grunnar til å få gjennomført prosjektet med midtdelar på denne strekninga. Det er imidlertid viktig, som du skriver, at arbeidet vert gjennomført så skånsomt som mulig med omsyn til støy for dei fastbuande. Dette krev god informasjon, og samarbeid mellom Statens Vegvesen og naboane. Slik eg forstår deg har du allereie hatt fleire kontakter med vegvesenet i saka, og eg vil oppmode til å halde tett kontakt vidare slik at du og naboane vert godt informert om arbeidet, og om mogeleg finne tider på døgnet der arbeidet er minst plagsomt.

Med helsing

Tord Moltumyr
helsesjef/ kommuneoverlege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Sindre Hopland

Flatøyvegen 86 5918

FREKHAUG